


Jubilant satsar på tenleirar

TEKST: PER OVE STIGE **FOTO:** UNG MISJON

Orreneset er ein veldig fin stad både sommar og vinter.



SATSING: Sunnmøre Indremisjon har auka satsinga på tenleirar. Bildet er frå sommars tenleir på Orreneset.

Det seier ein ungdom på 17 som var på tenleir i sommar.

- Orreneset er fint plassert. Vi bur i hytter og det er stor stas. Og vi kan padle og bade, seier ho til Heimemisjonen.

18. august vart det feira at Orreneset Misjonssenter er 30 år. Frå mange stader på Sunnmøre kom vener av leirstaden opp til leirstaden ved Nysætervatnet. Styrar Anbjørg Bårnes fortel om Orrenesleikane for 10-12-åringar om hausten som ofte er fulle, og om familieleirar i påska med venteliste. Og når Emblem søndagsskule leiger Orreneset, og nokre familiar har med campingvogn, er det er godt over 100 på leir.

VISJONEN

Indremisjonsveteran Gunnar Kjøde fortel at Orreneset vart bygt for å ha ein leirstad med mulegheit til nettopp å bruke naturen, som å padle, bade og gå på ski. Eit senter i fjellheimen for moden, vaksen ungdom var visjonen. I staden er det flest barn som har kome på leir på Orreneset, og det gler han seg over.

TENSATSING

Men i fjor auka Sunnmøre Indremisjon satsinga på tenleirar, frå to til fire tenleirar i året. På årets sommarleir var det 20 deltakarar. - Der var mange flotte ungdommar. Og fleire av dei sa at dei gler seg til neste leir, fortel ein av leiarane, Brite Mari Fløtre, til Heimemisjonen.

TRIVSEL

Også leirkoordinator Rannveig Nybø i Sunnmøre Indremisjon understrekar at naturen gjer Orreneset til ein bra plass, alle fire årstider. - I tillegg er det styraren, Anbjørg Bårnes, som gjer ein fantastisk jobb. Og så er det veldig flotte lokale!

På kva måte ser du at barn og ungdom trivst på Orreneset?

- Dei seier kanskje ikkje så mykje. Men eg ser det på dei. Hos barna ser eg at kroppane vaknar og at dei beveger seg, spring og har energi. Også frå tenleirane får eg gode tilbakemeldingar.

BALANSE

Økonomisk går sjølve drifta av Orreneset i balanse. Det er vedlikehaldet og behovet for oppgradering som gjer at det er behov også for lotteri og for gåver. No er det legging av asfalt som snart står for tur, seier styreleiar Hans Høydalsvik og legg til at det også blir gjort mykje dugnad. - Orreneset er kjempebra. Det er kjekt å møtast, det er ein stad vi trivst veldig bra, kvitrar Brite Mari Fløtre etter sommars tenleir.



Side 2 Leiar: Identitet

Side 3 Ung Misjon

Side 4 Evangeliske sanger på Sunnmøre



Karl Arne Austnes
Krinsleiar Sunnmøre
Indremisjon
E-post: ka.austnes@imf.no
Mob: 915 95 050

KRINSINFO

IDENTITET

Indremisjonen har vore forsiktig med å legge vekt på sterk organisasjonstilknytning og identitetsbygging. Det er fleire grunnar til dette. Som truande er det viktig at vi har identitet vår til Jesus Kristus, han som er trua si opphavsmann og fullendar (Hebr. 12,2). Om vi er meir knytta til, og glad i organisasjonen enn vi er til Jesus, er noko fundamentalt galt. I tillegg har vi i indremisjonen forstått vårt kall og oppgave slik at vi skal vere forsamlingsbyggande og ikkje organisasjonsbyggande. Vi har eit ansvar som går lenger ut enn til eigen organisasjon, indremisjonen har vore det limet som bind ulike foreiningar og organisasjonar saman i arbeidet på bedehuset. Men dette har nok ofte ført til at vi nærast har vorte sjølvutslettande og utdylege. Vi ser no at mange unge som er med på bedehuset har liten eller ingen tilknytning og identitet til indremisjonsarbeidet.

Dette er ei stor utfordring for oss. Korleis få sunn og god organisasjonsbevisstheit og identitet? Eg vart frelst som 18-åring på ein ungdomsleir som indremisjonen arrangerte. Det gir tilknytning heilt frå utgangspunktet. Det er difor viktig at indremisjonen fortsatt vert brukt til det viktigaste, at folk blir frelst. For meg var det slik at eg vart med i indremisjonen sitt arbeid fordi eg opplevde at dei dreiv det beste arbeidet på Sunnmøre for å kalle menneske til omvendning, tru og etterfylgning. Vi kan ikkje forvente at unge menneske vil knyte identiteten sin til vår organisasjon om vi ikkje lukkast med dette. Vi må be og arbeide for at ungdommane våre skal seie: «Eg er med i indremisjonen fordi eg vil sjå at folk blir frelst på Sunnmøre!» Det er vårt kall og vår identitet.

I dag er relasjonar viktige. Vi er med i indremisjonen fordi vi er glad i Jesus og den som er glad i Jesus er glad i folk. Og er vi glad i folk bruker vi tid saman med dei. Anten vi er tilsette i arbeidet eller leiar i arbeidet lokalt blir vi prøvd på dette: Har vi tid til folk? Til å lytte og samtale med dei? Til å hjelpe? Til å vitne om kva Jesus betyr for oss? Ikkje minst i møte med unge menneske er denne relasjonsbygginga livsviktig om vi vil nå dei. Eg trur at Gud kallar oss til dette i dag og lukkast vi vil vi oppleve at folk blir glade i indremisjonen og har sin identitet og tilknytning til den.

STILLING LEDIG

Vår barne- og ungdomsarbeidar, Miriam Mulelid har morspermisjon fram til årsskiftet. Vi har arbeidd med å få inn ein vikar i stillinga, men har ikkje lukkast så langt. Difor, om du kan tenkje deg å jobbe i Ung Misjon denne hausten så ta gjerne kontakt med Eivind Landro e.landro@imf.no eller Karl Arne Austnes ka.austnes@imf.no Har du tips til folk vi kan bruke må du også gjerne kontakte oss. Ver med å be om at Herren må kalle nokon inn i dette vikariatet.

STUDIUPERMISJON

Vår forkynnar, Eyvind Volle har søkt om permisjon i 70 % av stillinga si for å studere ved Misjonshøgskolen i Stavanger. Foreløpig gjeld permisjonen fram til årsskiftet. Dei resterande 30 % av stillinga vil han bruke som forkynnar i krinsen vår. For å kunne kombinere dette med studiar kan han berre ta på seg helgar og ikkje heile veker. Be for Eyvind, han skal studere bibelomsetning (gresk og hebraisk), at han blir leia av Herren både i studiar og i forkynnarteneste.

KURS FOR FRITIDSFORKYNNARAR

Laurdag 23. november kl 12.00 har vi gleda av å invitere til nytt fritidsforkynnar kurs i Ålesund bedehus. To unge forkynnarar i ImF, Tor Ingvald Lauvrak og Tor Andre Haddeland vil undervise. Temaet blir «Jesus lever!» Vi vil særlig invitere unge menneske til denne samlinga, vi treng å fornye forkynnarrollen inn i ein ny generasjon. Difor oppmodar vi leiarar lokalt til å ta med seg ungdommar som viser gåver og interesse for å vitne om Jesus til samlinga.

ALLE GODE TING = 3

Under mottoet «forkynning, fellesskap og glede» har vi dei to siste åra saman med Sunnmørskirka invitert til 3 årlege inspirasjonssamlingar for heile bevegelse Sunnmøre Indremisjon i den nye Borghallen. Neste samling blir 2. søndag i advent, 8. desember. Krinsleiar i Sunnmøre Indremisjon, Karl Arne Austnes blir talar på samlinga og vi arbeidar med å skaffe gode songkrefter. Vi ber om at alle lokalt set av datoene og slutter opp om møtet slik at slik at dette blir ei storsamling!

INSPIRASJONSHELG FOR KVINNER

Brudalsheimen
27.-28. september

Taler: Tove Dahl

Pris: 700,-

Påmelding:

Sunnmøre indremisjon: 70178670

Brudalsheimen: 70274553



Redaktør: Karl Arne Austnes
Sunnmøre Indremisjon
Postboks 7836 Spjelkavik, 6022 Ålesund
Tlf. 70 17 86 70 Fax. 70 17 86 69
Bankgiro: 3000.15.31235
Epost: sunnmøre@imf.no
Internett-sider (med link til andre avdelinger)
www.imf.no/sunnmøre - Ung Misjon: www.ungmisjon.no

Brudalsheimen
Telefon: 70 27 45 53
Bankgiro 3900.31.17255

Daggry barnehage
Telefon 70 18 24 97
B.giro 3000.21.36682

Møre Ungdomsskule
Telefon: 70 17 66 70
B.giro: 8220.02.80287

S.I. Senteret AS
Telefon: 70 17 86 60
Vakttel: 90 86 38 56

Orreneset Misjonssenter
Telefon: 70 25 07 56
Bankgiro: 4045.07.07211

Borgund Folkehøgskule
Telefon: 70 17 76 00
B.giro 8220.002.20788

Møre Ungd.skule Herøy
Telefon: 70 08 05 50
B.giro: 3000.18.45655

Si-Reiser AS
Telefon: 70 17 90 00
WEB: www.si-reiser.no

Radio Sentrum: Telefon: 70 15 41 00 - Bankgiro 3900.21.10311 - www.radiosentrum.no

UNGmisjon



- barne og ungdomssektoeren
i Sunnmøre Indremisjon



Bønneaksjon

TEKST: RANNVEIG A. NYBØ

Vil du vere med på ein bønneaksjon?



Denne hausten skal Ung Misjon arrangere 7 leirar på leirplassane våre Brusdalsheimen og Orreneset Misjonssenter. Ser man på tidlegare år, forventar vi over 300 deltakarar på leir. For ei misjonsmark! Utfordringa til deg er: Ver med og be for leirane våre! Vi ønsker at Jesus skal få vere i sentrum. At barna skal få møte Han gjennom bibeltimar, kveldssamlingar, hobby, oppgaver og songar. At leirane som er med kan vise Jesus til barna gjennom liva sine. Vil du vere med? Vil du vere med og be før og i løpet av kvar leir? I dette bladet kan du finne datoane for leirane våre denne hausten. Ønsker du å få ei påminning i ein sms i forkant av kvar leir? Send beskjed til Ung Misjon på ra.nybo@imf.no eller 95 04 88 64. Joh 16, 24: Be, så skal de få, slik at gleda dykkar kan vera fullkomen. Be mykje, forvent mykje!

LEIR HAUST 2013			
2.-4. klasse			
Minileir 3	31.aug-1.sept	Brudalsheimen	330,-
Minileir 4	19.-20. okt	Burdalsheimen	330,-
Mini-advent	23.-24. nov	Brudalsheimen	330,-
5.-7. klasse			
Orrenesleikane	20.-22. sept	Orreneset	490,-
Hausttreff	1.-3. nov	Brudalsheimen	490,-
8.-10. klasse			
Ten treff 3	6.-8. sept	Orreneset	600,-
Ten treff 4	15.-17. nov	Orreneset	600,-

Påmelding **Sunnmøre Indremisjon**
Tlf: 70 17 86 70 / sunnmøre@imf.no
Info om leirane og leirplassane finn du på www.ungmisjon.no

Reiseruta hausten 2013

Karl Arne Austnes: 15.08:Stranda,20.08:60pluss, 28.-29.08: Sogn, 31.08: Vigra (Sagabu), 01.09: Ålesund, 01.09:Sjøholt, 07.09: Frænebu, 08.09: Sykkylven,10.-11.09: Grytastranda, 20.-22.09:KonferanseSandnes,27.-29.09:Gamlem/Søvik, 29.09:Godøy,13.10:Stranda,16.10:Lepsøy,24.10:Åmdal, 02.11:Gamlem,27.10:Spjelkavik,06.-07.11:Eidsdal, 3.11:Brattvåg,10.11:Solevåg,14.11:ØstreEllingsøy, 23.11:forkynnerkurs,24.11:Hildre,01.12:Godøy, 08.12: Storsamling Borg, 15.12: Skodje
Eivind Landro: 29.08: Stranda, 08.09: Brattvåg
John Hardang: 18.08: Orrenesstemne
Ragnar Ringvoll: 19.-22.08: 60 pluss Brusdalsheimen
Kjell Furnes: 09.08: Stranda, 19.-22.08: 60 pluss, 25.08: Hundeidvik, 04.09: Vigra, 05.09: Godøya, 06.09: Valderøya, 10.09: Hundeidvik, 12.-13.09: Stordal, 15.09: Sykkylven, 24.-26.09:Gamlem/Søvik, 06.10: Sykkylven, 08.-13.10: Herøy, 29.-30.10: Syvde/Eidså, 05.-07.11: Valldal, 28.11: Åmdal, 11.12: Sjøholt, 22.12: Molde, 01.01.14: Skodje
Irene Krokeide Alnes: 25.08: Sunnmørskirka, Møre barne- og ungdomsskule
Marit Stokken: 04.-08.09:Ulsteinvik, 11.09-15.09: Spjelkavik, 14.09: Evangeliske sanger, Møre barne- og ungdomsskule, 10.-11.og 13.10: Solevåg/Mauseidvåg/Fiskerstrand, 12.10: Spjelkavik
Olav Eikemo: 10.-15.09: Giske
Helge Dimmen: 20.-22.09: Ytre Ellingsøy
Aud Karin Kjølvik: 31.10-03.11: Skodje
Eyvind Volle: 20.-22.09: Remøya, 27.09: Eidså, 28.-29.09:Fiskå, 22.-24.11: Ulsteinvik
Tor Ingvald Lauvrak/Tor André Haddeland: 19.-24.11: Godøya
Ingbjørn Vingen: 22.-23.10: Valle, 01.-03.11: Hjørungavåg
Erik Furnes: 29.11-01.12: Sjøholt
Ruben Lie Monsen: 07.11: Eidsdal, 08.-10.11: Volda
Jarle Berland: 31.10-03.11: Alnes
Anbjørn Walderhaug: 08.09: Skodje
Rannveig Aure Nybø: 15.09: Stordal, 13.10: Ulsteinvik, 17.10: Skodje
Ståle Tønnesen: 01.09: Giske
Peder Almedal: 08.-10.11: Giske, 15.-17.11: Remøya, 01.12: Sykkylven
Gunnar Kjød: 24.-25. og 27.10: Valle
Torgeir Lynes: 22.09: Sykkylven
Gudrun Longva og Hilde Gjengedal: 01.09: Gurskøy, 08.09: Gamlem, 13.10: Ørsta, 10.11: Spjelkavik

Evangeliske sanger på Sunnmøre

TEKST: PEDER ARNE ALMEDAL **FOTO:** ARVE FISKERSTRAND

Til hausten kan de gle dykk til eit nytt stormøte i serien med evangeliske sanger. Arrangementsstad er Møre Barne- og ungdomsskule Herøy.



SONG OG MUSIKK: Anbjørn Walderhaug m/band frå sist det vart arrangert.

Det er helga 13.-15. september det skjer. Den kjende radiopastoren i P7 Kristen Riksradio, Johnn Hardang, vil saman med Irene Krokeide Alnes lose oss gjennom arrangementa. Det blir samlingar både fredag, laurdag og søndag. Laurdag blir ei kjempestor samling om god kristen song og musikk.

Følgjande aktørar har takka ja til å vere med i programmet: Marit og Irene, Adonai, Sunnmørsgutane, Johnn Hardang, Dalsfjorden Bluegrasband, Herøy Gospelkor, Familien Knotten og Havlys.

Utanom songfesten blir det ein bibeltime fredag kl 1800 ved Johnn Hardang og evangelisk møte kl 1930 ved Irene K. Alnes. Songfesten er kl 1800 laurdag, men det kjem sikkert til å bli song i god tid før den offisielle åpninga.

Arrangementet blir avslutta med høgtidsmøte kl 1100 på søndag der Ulstein Soul Children blir med i tillegg til faste songkrefter. Arrangementskomiteen er samansett av Peder Almedal (leiar), Harry Valderhaug, Terje Walderhaug, Irene Krokeide Alnes og Harry Andersen. Komiteen har henta inn gode overnattingstilbod og rår til at dei som ønskjer overnatting tek kontakt med Kjeldsund Ungdomssenter.

Komiteen er kjent med at det kjem ein buss med venner frå Trøndelag som vil vere med på arrangementa denne helga. Det er etablert Facebook-side for arrangementet der det blir lagt ut informasjon etter kvart. Elles oppmodar vi dykk berre om å sete av helga 13.-15. september til storsamling i Myrvåg. Dette blir kjekt.

Ottar Istad til minne

TEKST: KARL ARNE AUSTNES



Tidlegare kretssekretær i Sunnmøre Indremisjon, Ottar Istad døydde tysdag 2. juli nær 97 år gamal. Ottar var fødd i Kristiansund, men vaks opp i Romsdal. Han tok tidleg til i teneste i Guds rike, som forkynnar i Romsdal Indremisjon frå 1933. Etter bibelskule på Indremisjonsselskapets sin skule i Staffelsgt i Oslo i 1936-37 hadde han fleire kall før han i 1957 kom til Ålesund Indremisjon som bysekretær. På 60-talet var han kretssekretær i Sunnmøre Indremisjon før han i 1969 vart kalla til kretssekretær i Sunnmøre krets av Den Indre Sjømannsmisjon. Den tenesta hadde han til han vart pensjonist.

Mange av oss vil huske Ottar som ein forkynnar som formidla evangeliet med varme og overtyding. Etter at han vart pensjonist reiste han fortsatt rundt som forkynnar, gjerne saman med Harald Haukeland. Dei fekk vere mykje til hjelp, med song og tale og ikkje minst gjennom samtalar, sjelesorg og forbøn. Mange som var sjuke tok kontakt med dei og vart salva og bedt for og Gud greip inn med hjelp.

Difor er ein plass tom no når Ottar er heime hjå Herren og vi som er igjen må føre kall og teneste vidare, å vitne om Jesus Kristus, vegen til frelse og evig liv.

I takksemnd lyser vi fred over Ottar Istad sitt gode minne.